

2003 02997 53

Det Kongelige Landbruksdepartementet

ASR/BS/TIN 486

Postboks 8007 – Dep.

0030 – OSLO

Vår ref.
03/01391-006/GHE

Arkivkode
V7 &13

Dykkar ref.

Dato
08.12.2003

HØRING ANG. TILSKUDD VEDR. MILJØTILTAK I LANDBRUKET OG NÆRINGS- OG MILJØTILTAK I SKOGBRUKET

MELDING OM VEDTAK

Formannskapet handsama i møte 01.12.2003 sak 0104/03. De vert med dette underretta om at det er fatta følgjande vedtak:


Sogndal kommune har følgjande merknader til høyringsframlegget om forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i landbruket:

- § 2 Virkeområde. Forskrifta bør og i særlege høve kunne gjelde i områder regulert til anna enn LNF-område.

Forskrift om nærings- og miljøtiltak i skogbruket:

- § 2-1. Kommunen må kunna gje tilskot til planting/såing når desse framstår som miljøtiltak, t.d. ved treslagsskifte.
- § 5-1. Kommunen må kunne gje tilskot til taubanedrift når dette framstår som miljøtiltak, t.d. ved treslagsskifte.
- Avgrensinga i tildelingsbrevet om at maksimalt 50% av tildelt beløp kan nyttast til skogstiltak bør takast vekk.

Med helsing



Jostein Aarstad
-rådmann-

Vedlegg: Saksframlegget.

Kopi til: Tenesteleiar Jens Øyrehagen, her.

Saksh.: Jens Øyrehagen
Arkivsak: 03/01391

Arkiv: V7 &13

Saksnr.: Utval
0104/03 Formannskapet

Møtedato
01.12.2003

Sak 0104/03

**HØRING PÅ UTKAST TILFORSKR MILJØTILTAK I LANDBRUKET
OG NÆRINGS- OG MILJØTILTAK I SKOGBRUKET**

Rådmannen tilråding:

Sogndal kommune har følgjande merknader til høyringsframlegget om forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i landbruket:

- § 2 Virkeområde. Forskrifta bør og i særlege høve kunne gjelde i områder regulert til anna enn LNF-område.

Forskrift om nærings- og miljøtiltak i skogbruket:

- § 2-1. Kommunen må kunna gje tilskot til planting/såing når desse framstår som miljøtiltak, t.d. ved treslagsskifte.
- § 5-1. Kommunen må kunne gje tilskot til taubanedrift når dette framstår som miljøtiltak, t.d. ved treslagsskifte.
- Avgrensinga i tildelingsbrevet om at maksimalt 50% av tildelt beløp kan nyttast til skogstiltak bør takast vekk.

Vedlegg:

1. Høyringsnotat dagsett 28.10.2003

Saksutgreiing:

I St. meld. 1 (2001- 2002) vedtok Stortinget å overføre ei rekke nye oppgåver innan landbruksforvaltning til kommunane. Overføringa gjeld all vedtaksmynde som krev lokalpolitisk skjønn innan konsesjon- jord- og skoglovgevinga. I tillegg til dette vert forvaltninga av miljømidlar og skogmidlar under Landbrukets Utviklingsfond overført til kommunane.

Landbruksdepartementet sender i den samanheng ut på høyring forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i landbruket og forskrift om tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket.

Kommunane skal utarbeide fleiårige tilskotsstrategiar som vil vere grunnlaget for tildeling av midlar. Tilskotsstrategiane og bruken av midlane skal baserast og forvalta på grunnlag av forskriftene.

Vurdering:

Forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i landbruket gjev kommunane stort handlingsrom i bruken av midlane. I § 2 Virkeområde vert bruken av midlane likevel avgrensa til LNF-område.

Viktige miljøelement/kulturlandskapselement som kommunen ynskjer å prioritera ut frå eit heilskapsomsyn, kan i einskilde høve liggja i områder regulert til andre føremål. Forskrifta bør difor i særlege høve kunne gjelde i områder regulert til anna enn LNF-område.

Forskrift om tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket avgrensar sterkare i høve til lokal sjølvrådet. På same vis som i alle skogreisingsstrok på Vestlandet, er det i kommunen planta mykje gran som nærmar seg hogstmoden alder. Dette representerer, saman med anna produktiv skog, ein ressurs som bør utnyttast. Hogst av granskog kombinert med tresalgsbytte til lauvskog/vedproduksjon kan også i somme område vera eit aktuelt miljøtiltak. Det kan difor vera lokale ynskje om å stimulera til etablering av andre treslag på granareala, mellom anna med planting, eller at ein ynskjer å ta ut grana i bratte lisider utan bygging av veg, men ved taubanedrift.

Forskrifta bør difor opne for å støtte tilskot til vegbygging og taubanedrift når dette vert nytta som miljøtiltak i skogbruket.

Innleiingsvis seier departementet at i tildelingsbrevet vil det liggje ei avgrensing om at tilskot til vegføremål ikkje kan utgjere meir enn 50 % av den tildelte summen til skogtiltak i den einskilde kommune. Dette avgrensar og kommunen sin handlefridom i mellom anna å stimulere til samarbeid om større veganlegg. Vi meiner at denne avgrensinga bør takast vekk for å auke det lokale handlingsrommet.

Sogndal 25.11.2003.

Jostein Aanestad
-rådmann-